LINDÅS KOMMUNE
Vatn og avløp

Rørlm Harald Hellesøy
Finnbergåsen 88
5063 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Kari Elisabeth Io | 24.04.2014 |
| Vår: 14/3795 - 14/9751 | KEI@lindas.kommune.no | |

# Svar på søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg - gbnr 81/23 Risøy - fritidsbustad

Delegert sak.

Vi viser til søknad m/vedlagt planteikning VA og utvendig situasjonsplan, datert 28.03.2014.

Type bygg : Eksisterande fritidsbustad på Risøy (Revatangane 77).
Type arbeid : Tilkopling til kommunalt vatn og felles privat kloakkanlegg m/felles slamavskiljar for hyttefeltet (godkjent utsleppsløyve av 12.09.2012).

**SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:**

**Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.**
Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonnent sitt ansvar å sørgja for og kosta dette.
Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknyting vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.
Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.
For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.
Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompenserande tiltak.
Det skal varslast for kontroll og trykkprøving. Innmåling og innlevering av situasjonskart etter at anlegget er ferdig skal utførast av ansvarleg rørleggjar, saman med eigenkontrollskjema.

Faktura for tilknytingsgebyr vatn følgjer vedlagt til eigar, og ein gjer merksam på at arbeidet ikkje må igongsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Med helsing

Kari Elisabeth Io
saksbehandlar

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Anne og Atle Kvist | Øvre Lynghaugen 11 | 5038 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Rørlm Harald Hellesøy | Finnbergåsen 88 | 5063 | BERGEN |